



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.
15/581

Vår ref.
15/4391 - GRK

Dato
25.09.2015

Høyring - Enkelte endringar i inndelinglova og kommunelova

Vi viser til brev frå Kommunal- og moderinsreringsdepartementet av 9. juni 2015 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknadar:

Høyringsnotatet inneheld ikkje nærare merknader til dei enkelte føresegnene. Slike merknader skal vera med i større proposisjonar. Dei manglande merknadene gjer det vanskelegare å finne ut kva som nærare er meint med og ligg til grunn for framlegga til lovendringar.

Det er gjort framlegg om å ta inn eit nytt andre ledd tredje punktum i inndelingslova § 3 om at dersom berre «ein mindre del» av ein kommune eller eit fylke skal leggjast til ein annan kommune eller eit anna fylke, kan dette handsamast som ei grensejustering. Derimot er det ikkje sagt noko om kva ein slik «mindre del» er. Skal dette til dømes reknast ut frå faste arealgrensar eller ut frå ein viss prosentdel av arealet i den aktuelle kommunen eller det aktuelle fylket, eller skal òg folketalet i området telja med i vurderinga?

Ordlyden «er omfatta av kommunelova § 60» i ny § 16 a i inndelingslova bør klargjerast. Skal denne føresegna berre gjelde kommunar som alt er registrert i ROBEK-registeret? Eller skal ho gjelde alle kommunar som er i ein situasjon som nemnt i kommunelova § 60 nr. 1. bokstav a til d, uavhengig av om dei er registrerte eller ikkje? Vidare er det ikkje omtala i høyringsnotatet kva som vil skje med ROBEK-statusen til ein kommune som skal delast opp. Det bør vidare finnast ei anna formulering i inndelingslova § 16 a enn at departementet skal kunne «vedta at kommunelova § 60 skal gjelde». Paragrafen gjeld for alle kommunar i alle tilfelle. Ei alternativ formulering kan vera at departementet «kan bestemme at kommunen skal underleggjast krava om godkjenning og kontroll etter kommuneloven § 60 fyrste og andre ledd».

Det bør elles vurderast om det som er inndelingslova § 16 a i framlegget, heller bør gjerast til eit nytt § 15 andre ledd. Føresegna i § 15 gjeld òg kommunesamanslåing, og emna heng tett saman.

Inndelingslova § 17 andre ledd bør skrivast om når lova no likevel skal endrast. Det bør seiast direkte kva for slags lovreglar og forskriftsreglar Kongen kan gjera unntak frå, i staden for at det fyrst blir sagt at Kongen generelt kan gjera unntak frå lover og forskrifter og så lista opp kva slags reglar unntaka kan gjelde.

Med vennleg hilsen

Bente J. Kraugerud
avdelingsdirektør

Grethe Kleivan
avdelingsdirektør